

# **Høyringsuttale angåande Trafikklyssystemet og Vedtatt Raudt Lys i Produksjonsområde 4 (PO 4)**

## **Innleiing:**

Vi ønskjer å rette merksemda mot utfordringane knytt til trafikklyssystemet som vart vedteke i 2015 for å styre veksten i norsk oppdrettsnæring for laks og aure.

Norskekysten vart delt inn i 13 ulike produksjonsområde, og basert på modellar frå Havforskningsinstituttet (HI), Veterinærinstituttet (VI) og Sintef, blir det sett trafikklys med ulike fargar som indikerer vekst, stabilisering eller nedtrekk i produksjonen.

I samsvar med pressemelding frå fiskeri- og havministeren den 6. mars 2024, har det blitt bestemt å setje Produksjonsområde 4 (frå Sotra i sør til Stadt i nord) til raudt lys for perioden 2022 og 2023. Dette inneber ein nedtrekking av produksjonen av laks og aure med 6%, noko som utgjer det tredje nedtrekket i PO 4 og ein total reduksjon på 18%.

## **Ordninga generelt**

Vi er sterkt bekymra for konsekvensane av det samla nedtrekket for investeringar, arbeidsplassar, utbetalingar frå Havbruksfondet og for innovasjon. Til trass for innsatsen for å oppretthalde låge luse-nivå, ser det ut til at dette ikkje har hatt ønska effekt på trafikklyset. NOU 2023:23 «Heilskapleg forvaltning av akvakultur for berekraftig verdiskaping» peikar også på at nedtrekk som verktøy ikkje er tilstrekkeleg for å betre forholda for villaksen og fører til redusert verdiskaping og tap av arbeidsplassar i distrikta.

Vi føreslår difor at tiltaket med nedtrekk på 6% i raude produksjonsområde setjast på pause. Regjeringa må utarbeide ei stortingsmelding som sikrar ei heilskapleg regulering av havbruksnæringa og legg til rette for berekraftig vekst på sjø og land, basert på norske fortrinn og teknologiutvikling.

Vi oppmodar til ei grundig gjennomgang av trafikklyssystemet og ei meir heilskapleg tilnærming til reguleringa av havbruksnæringa for å sikre berekraftig vekst og bevaring av våre marine ressursar.

## **Produksjonsområde 4**

Lakselusnivået i PO4 er redusert med 40%. Etter vedtatte modellar har dette ført PO4 frå rødt til gult. Men ekspertgruppa har i 2023 innført «Områdekorrigeret verdi», med ein faktor på 1,85 med konsekvens at PO4 var omgjort til rødt.

Produksjonen av laks og aure blei i 2023 redusert av oppdrettselskapa i Sognefjorden med 50% i perioden april-juli utan at dette har hatt ønska effekt på trafikklyssystemet. PO4 er også eit av dei største produksjonsområda, der trafikklyset basert på tråling og vurdering av tilstand i Sognefjorden blir bestemmande for heile dette store området.

Basert på ei totaltvurdering meiner vi det er åpenbart at usikkerheita rundt det faglege grunnlaget for fastsettjing av raud sone i PO4 er svært stor og at departementet derfor må vedta at det for 2024 ikkje vert gjort nedtrekk i PO4.

## **Oppsummert**

Vi fokuserer ikkje på trafikklysfargen, men ber om utsettelse på evt. nedtrekk. Vi veit at det skal gjennomførast eit viktig arbeid med Havbruksmeldinga og det bør vere enkelt å stadfeste i forskrifta at vi ventar med nye nedtrekk til denne meldinga er ferdig. Vi ber om nytt forslag til § 5 i høyringsnotatet slik:

***Tilbakestilling av utnyttlesesgrad for tillatelseskapasitet gjelder fra denne forskriftens ikrafttredelse. Nedjustering av utnyttlesesgrad for tillatelseskapasitet blir satt på hold i påvente av nye retningslinjer som måtte komme når Stortinget behandler ferdig den kommende Havbruksmeldingen (våren 2025).***

## **Vyrdsamt ordførarane i havbrukskommunane i PO4:**

Alver kommune-ordførar Sara Hamre Sekkingstad-SP  
Askvoll kommune-ordførar Ole Andre Klausen-H  
Austrheim kommune-ordførar Morten Sognnes-H  
Bremanger kommune-ordførar Anne Kristin Førde-AP  
Fedje kommune-ordførar Stian Herøy-H  
Fjaler kommune-ordførar Leif Jarle Espedal-AP  
Gloppen kommune-ordførar Arnar Kvernevik-AP  
Gulen kommune-ordførar May-Lynn Osland-AP  
Hyllestad kommune-ordførar Kjell Eide-AP  
Høyanger kommune-ordførar Petter Sortland-AP  
Kinn kommune-ordførar Bengt Solheim-Olsen-H  
Masfjorden kommune-ordførar Erlend Kvamsdal-H  
Osterøy-ordførar Lars Fjeldstad-SP  
Solund kommune-ordførar Gunn Åmdal Mongstad-SP

